



Forskrift om smittekarantene, Alver

Gjeld frå	02.09.2021
Gjeld for	Alver kommune, Vestland
Heimel	LOV-1994-08-05-55-§4-1

Heimel: Fastsett av kommunelegen i Alver kommune 2. september 2021 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sjukdommar § 4-1 femte ledd, jf. § 4-1 første ledd bokstav d).

§ 1. Formål og verkeområde

Formålet med forskrifta er å fastsetje smittevernforhaldning tiltak for å hindre eller avgrense spreiding av SARS-CoV-2 i befolkninga og å sikre at tilstrekkeleg kapasitet i helse- og omsorgstenesta blir oppretthalde, slik at tenesta kan handtere smittesituasjonen og vareta ordinære helse- og omsorgstenester, i perioder der smittetala er stigande eller høge.

Forskrifta gjeld i Alver kommune.

§ 2. Krav om karantene

Unntaket for smittekarantene for personer under 18 år som ikkje er husstandsmedlemmer, eller tilsvarende nære kontakter til ein smitta person, jf. forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbrotet (covid-19-forskriften) § 4, tredje ledd, gjeld ikkje.

§ 3. Iverksetjing og varigheit

Forskrifta blir sett i verk straks og gjeld til og med torsdag 16. september 2021.